



Fedje kommune
Stormarkvegen 49
5947 FEDJE

Dato: 27.01.2016
Vår ref.: 2015/11805-12
Saksbehandlar: sigbjer
Dykkar ref.:

Fråsegn til Kommuneplan arealdel Fedje kommune - revisjon 2015

Vi viser til dykkar brev dagsett 20.11.2015 om høyring av revisjon av kommuneplanens arealdel. Kultur-, idrett og ressursutvalet handsama saka i møtet 19.01.2016 og fatta følgjande vedtak.

- 1. Det er positivt at Fedje kommune har sendt revidert arealdel til kommuneplan, på høyring. Dette sikrar at kommunen har eit oppdatert plangrunnlag, med føreseieleg rammer for framtidig arealutvikling og vern av verdiar og lokalt særpreg.*
- 2. Utval for kultur-, idrett- og regional utvikling ber om at fortetting skjer i eksisterande bygnings-struktur, primært rundt vågane i nord, for å styrke senterutvikling og Fedje sitt særpreg som «landsbyen i havet». Byggesona bør i størst mogeleg grad bli vidareført for å verne om karakteristisk byggemønster og landskapstrekk på Fedje. Utviding av byggesonen og oppdeling av samanhengande grønstruktur er ikkje ønskeleg av omsyn til landskap, strandsoner og friluftsiinteressar.*
- 3. Utval for kultur-, idrett- og regional utvikling rår til at alle kjente kulturminna vert vist på kommuneplankartet.*
- 4. Utval for kultur-, idrett- og regional utvikling rår til at areal for akvakultur ved Hjeltevarden vert revidert i samband med pågåande revisjon av kommuneplanens arealdel.*

Saksframlegg ligg som vedlegg.

Sigrid Næsheim Bjercke
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Fiskeridirektoratet
FYLKESMANNEN I HORDALAND
Statens vegvesen - Region Vest